

**KOMMISJONSVEDTAK****av 16. september 1998****om ei felles teknisk forskrift om landmobile satellittjordstasjonar (LMES) som har låg datafart, og som nyttar 1,5/1,6 GHz-frekvensbanda(\*)***[meldt under nummeret K(1998) 2724]***(98/578/EF)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/13/EF av 12. februar 1998 om teleterminal- og satellittjordstasjonsutstyr, herunder gjensidig godkjenning av utstyrets samsvar<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 7 nr. 2 andre strekpunktet, og

ut frå desse synsmåtene:

Kommisjonen har vedteke eit tiltak for å klarleggje kva type satellittjordstasjonsutstyr som ei felles teknisk forskrift bør omfatte, og den tilhøyrande fråsegna om verkeområdet for forskrifta i samsvar med artikkel 7 nr. 2 første strekpunktet.

Dei tilsvarande harmoniserte standardane eller delar av dei som dei grunnleggjande krava skal gjennomførast ved hjelp av, og som skal gjerast om til felles tekniske forskrifter, bør vedtakast.

For å sikre at marknadstilgangen vert halden ved lag for produsentar, er det naudsynt å fastsetje overgangsføresegner for utstyr som er godkjent i samsvar med nasjonale forskrifter for typegodkjenning.

I samsvar med artikkel 29 nr. 2 er framlegget lagt fram for Utvalet for godkjenning av teleterminalutstyr (ACTE).

Den felles tekniske forskrifta som er vedteken i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå ACTE –

**GJORT DETTE VEDTAKET:**

*Artikkel 1*

1. Dette vedtaket skal nyttast på satellittjordstasjonsutstyr som fell inn under verkeområdet for den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 nr. 1.

2. I dette vedtaket er det fastsett ei felles teknisk forskrift som omfattar landmobile satellittjordstasjonar (LMES) som har låg datafart, og som nyttar 1,5/1,6 GHz-frekvensbanda.

*Artikkel 2*

1. Den felles tekniske forskrifta skal femne om den harmoniserte standarden som det rette standardiseringsorganet har utarbeidd, og som dei grunnleggjande krava i artikkel 17 i direktiv 98/13/EF så langt råd skal gjennomførast ved hjelp av, der det er relevant. Tilvisinga til standarden er oppført i vedlegg I.

2. Satellittjordstasjonsutstyr som dette vedtaket omfattar, skal vere i samsvar med den felles tekniske forskrifta som er nemnd i nr. 1, og skal stette dei grunnleggjande krava som er nemnde i artikkel 5 bokstav a) og b) i direktiv 98/13/EF, og krava i andre direktiv som gjeld for utstyret, særleg rådsdirektiv 73/23/EØF<sup>(2)</sup> og 89/336/EØF<sup>(3)</sup>.

3. Tabell A i vedlegg II viser kva grenseverdier som inntil 1. juni 2002 gjeld for uønskt utstråling over 1 000 MHz og utanfor banda 1 626,5-1 645,5 MHz og 1 656,6-1 660,5 MHz. Tabell B i vedlegg II viser dei tilsvarande grenseverdiene som gjeld frå 1. juni 2002.

*Artikkel 3*

Når det gjeld satellittjordstasjonsutstyr som kjem inn under artikkel 1 nr. 1 i dette vedtaket, skal dei melde organa som er peika ut til å gjennomføre dei rutineane som er nemnde i artikkel 10 i direktiv 98/13/EF, nytte den harmoniserte standarden som er nemnd i vedlegget, eller syte for at han vert nytta, etter at det er gjeve melding om dette vedtaket.

*Artikkel 4*

1. Nasjonale forskrifter for typegodkjenning av utstyr som fell inn under verkeområdet til den harmoniserte standarden som er nemnd i vedlegget, vert oppheva tre månader etter at dette vedtaket er gjort.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 278 av 15.10.1998, s. 46, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 112/1999 av 24. september 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF L 74 av 12.3.1998, s. 1.

(2) TEF L 77 av 26.3.1973, s. 29.

(3) TEF L 139 av 23.5.1989, s. 19.

2. Satellittjordstasjonsutstyr som er godkjent i samsvar med slike nasjonale forskrifter for typegodkjenning, kan framleis marknadsførast på den nasjonale marknaden og takast i bruk.

*Artikkel 5*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfirda i Brussel, 16. september 1998.

*For Kommissjonen*

Martin BANGEMANN

*Medlem av Kommissjonen*

---

*VEDLEGG I***Tilvising til den gjeldande harmoniserte standarden**

Den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 i dette vedtaket, er:

Satellite earth stations and systems (SES);  
Low data rate land mobile satellite earth stations (LMES) operating in the 1,5/1,6 GHz frequency bands  
[Satellittjordstasjonar og -system (SES); landmobile satellittjordstasjonar (LMES) som har låg datafart,  
og som nyttar 1,5/1,6 GHz-frekvensbanda]

## ETSI

Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar

ETSI-sekretariatet

TBR 26— mai 1998  
(utan forordet)

**Tilleggsopplysningar**

Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar er godkjent i medhald av rådsdirektiv 83/189/EØF<sup>(1)</sup>.

Den harmoniserte standarden som er nemnd ovanfor, er utarbeidd i medhald av eit mandat som er gjeve etter dei aktuelle framgangsmåtane i direktiv 83/189/EØF.

Den fullstendige teksta til den harmoniserte standarden som er nemnd ovanfor, kan skaffast frå:

Det europeiske standardiseringsinstituttet  
for telekommunikasjonar  
650, Route des Lucioles  
F-06921 Sophia Antipolis Cedex

Europakommisjonen  
DG XIII/A/2 – (BU 31, 1/7)  
Rue de la Loi/Wetstraat 200  
B-1049 Brussel

eller frå andre organisasjonar som har ansvaret for formidling av ETSI-standardar. Ei liste over desse organisasjonane er å finne på Internett under adressa [www.ispo.cec.be](http://www.ispo.cec.be).

<sup>(1)</sup> TEF L 109 av 26.4.1983, s. 8.

## VEDLEGG II

## TABELL A

**Grenseverdier som inntil 1. juni 2002 gjeld for uønskt utstråling over 1 000 MHz og utanfor banda 1 626,5-1 645,5 MHz og 1 656,6-1 660,5 MHz**

Frekvensområde (MHz)	Aktivert berebølgje		Inaktivert berebølgje	
	EIRP-grenseverdi (dBpW)	Måleband- breidd (kHz)	EIRP-grenseverdi (dBpW)	Måleband- breidd (kHz)
1 000-1 525	49	100	48	100
1 525-1 559	49	100	17	3
1 559-1 600	49	100	48	100
1 600-1 626	74	100	48	100
1 626-1 626,5	84	3	48	100
1 645,5-1 645,6	104	3	57	3
1 645,6-1 646,1	84	3	57	3
1 646,1-1 655,9	74	3	57	3
1 655,9-1 656,4	84	3	57	3
1 656,4-1 656,5	104	3	57	3
1 660,5-1 661	84	3	48	100
1 661-1 690	74	100	48	100
1 690-3 400	49 (merknad 2)	100	48	100
3 400-10 700	55 (merknad 3)	100	48	100
10 700-21 200	61	100	54	100
21 200-40 000	67	100	60	100

Merknad 1 Den lågaste grenseverdien skal gjelde for overgangsfrekvensane.

Merknad 2 I bandet 3 253,0-3 321,0 MHz skal den høgste EIRP-grenseverdien i éi, og berre éi, 100 kHz målebandbreidd vere høgst 82 dBpW. For dei andre delane av dette bandet gjeld den effektgrenseverdien som er oppført i tabellen.

Merknad 3 I kvart av banda 4 879,5-4 981,5 MHz, 6 506,0-6 642,0 MHz og 8 132,5-8 302,5 MHz skal den høgste EIRP-grenseverdien i éi, og berre éi, 100 kHz målebandbreidd vere høgst 72 dBpW. I bandet 9 759,0-9 963,0 MHz skal den høgste effekten i éi, og berre éi, 100 kHz målebandbreidd vere høgst 61 dBpW. For dei andre delane av dette bandet gjeld den effektgrenseverdien som er oppført i tabellen.

TABELL B

**Grenseverdier som frå 1. juni 2002 gjeld for uønskt utstråling over 1 000 MHz og utanfor banda 1 626,5-1 645,5 MHz og 1 656,6-1 660,5 MHz**

Frekvensområde (MHz)	Aktivert berebølgje		Inaktivert berebølgje	
	EIRP-grenseverdi (dBpW)	Måleband- breidd (kHz)	EIRP-grenseverdi (dBpW)	Måleband- breidd (kHz)
1 000-1 525	49	100	48	100
1 525-1 559	49	100	17	3
1 559-1 580,42	50	1 000	50	1 000
1 580,42-1 605,0	50	1 000	50	1 000
1 605,0-1 610,0	(merknad 4)	100	(merknad 5)	100
1 610-1 626,0	74	100	48	100
1 626-1 626,5	84	3	48	100
1 645,5-1 645,6	104	3	57	3
1 645,6-1 646,1	84	3	57	3
1 646,1-1 655,9	74	3	57	3
1 655,9-1 656,4	84	3	57	3
1 656,4-1 656,5	104	3	57	3
1 660,5-1661	84	3	48	100
1 661-1 690	74	100	48	100
1 690-3 400	49 (merknad 2)	100	48	100
3 400-10 700	55 (merknad 3)	100	48	100
10 700-21 200	61	100	54	100
21 200-40 000	67	100	60	100

Merknad 1 Den lågaste grenseverdien skal gjelde for overgangsfrekvensane.

Merknad 2 I bandet 3 253,0-3 321,0 MHz skal den høgste EIRP-grenseverdien i éi, og berre éi, 100 kHz målebandbreidd vere høgst 82 dBpW. For dei andre delane av dette bandet gjeld den effektgrenseverdien som er oppført i tabellen.

Merknad 3 I kvart av banda 4 879,5-4 981,5 MHz, 6 506,0-6 642,0 MHz og 8 132,5-8 302,5 MHz skal den høgste EIRP-grenseverdien i éi, og berre éi, 100 kHz målebandbreidd vere høgst 72 dBpW. I bandet 9 759,0-9 963,0 MHz skal den høgste effekten i éi, og berre éi, 100 kHz målebandbreidd vere høgst 61 dBpW. For dei andre delane av dette bandet gjeld den effektgrenseverdien som er oppført i tabellen.

Merknad 4 Lineær interpolasjon frå 40 dBpW ved 1 605,0 MHz til 74 dBpW ved 1 610,0 MHz, målt med ei bandbreidd på 100 kHz.

Merknad 5 Lineær interpolasjon frå 40 dBpW ved 1 605,0 MHz til 48 dBpW ved 1 610,0 MHz, målt med ei bandbreidd på 100 kHz.